



Vi får Norge
til å **gro!**

NYNORSK

NORGES BONDELAG





Vi får Noreg til å gro!

61 500 medlemmer i Norges Bondelag gir gode og mangfoldige matopplevingar, skaper grobott for levedyktige lokalsamfunn, gjer landet vakkert og fornyar verdiskapinga på garden.

Norges Bondelag arbeider for å betre vilkåra for landbruket og synleggjere kor viktig landbruket er for samfunnet. Bondelaget er partipolitisk uavhengig og den leiande organisasjonen for næringspolitikk og service i landbruket. Med 61 500 medlemmer, om lag 580 lokallag, 18 fylkeslag, gode politiske kontaktar og høg fagleg kompetanse er vi ein sterk organisasjon.

Norges Bondelag er aktivt på mange fagfelt, og vi er opptekne av:

Næringspolitikk

Vi arbeider for

- gode rammevilkår for medlemmene våre
- økonomiske vilkår som gir grunnlag for attraktive arbeidsplassar i landbruket
- tilstrekkeleg nasjonal handlefridom, slik at Noreg kan føre sin eigen landbruks- og matpolitikk
- lokal eigarskap og lokal ressursutnytting
- ein aktiv distriktspolitikk til beste for busetjing og næringsliv i bygdene

Internasjonale saker

Vi arbeider for

- ein WTO-avtale som sikrar eit levedyktig landbruk i heile landet
- at Noreg ikkje skal bli medlem av EU
- norske interesser i internasjonale fora

Skatt

Vi arbeider for

- at skatte- og avgiftssystemet skal vere eit sentralt element i rammevilkåra for næringsdrivande
- eit skattesystem som sikrar næringsdrivande høve til å opparbeide seg rett til offentlege ytingar ved alderdom, sjukdom og nedsett arbeidsevne

Verdiskaping og næringsutvikling

Vi arbeider for

- nye inntektskjelder i landbruket
- mobilisering, kompetanse, rammevilkår og nettverk som utviklar nye inntektsgivande næringar
- ei positiv haldning til nyskaping i bygdene

Eigedomsrett og ressursforvaltning

Vi arbeider for

- å sikre grunneigaren rett til å bruke natur- og kulturressursar i næringssamanheng
- at bønder og grunneigarar skal ha reell medverknad og medbestemming i den lokale areal- og ressursforvaltninga
- at matjorda skal sikrast gjennom eit sterkt jordvern

Kvalitetsproduksjon

Vi arbeider for

- produktmangfald og kvalitet som gir gode matopplevingar og er i tråd med dei ønska forbrukarane har
- småskalaproduksjon som sikrar eit miljøvennleg landbruk og dyrevelferd
- eit landbruk som tek vare på helse, miljø og tryggleik

Matforsyning og matmarknad

Vi arbeider for

- at vi skal dekkje etterspurnaden etter dei matvarene vi har naturlege føresetnader for å produsere
- stabile prisar og sikker avsetnad gjennom produksjons- og marknadsregulering

Kommunikasjonsarbeid

Vi arbeider for

- å påverke media, politikarane og opinionen
- å setje landbrukssaker på dagsordenen og vere synlege i samfunnsdebatten
- å bygge varige positive haldningar til landbruket gjennom utoverretta aktivitetar

Individuelle medlemsfordelar

Medlemmer i Norges Bondelag har tilbod om mange individuelle medlemsfordelar:

- **Gjensidiges Bondelagsavtale** gir person- og landbruksforsikringar med god medlemsrabatt
- **Agrol** er landbrukets fordelsprogram med AgriCard som gir gode rabattar på drivstoff, straum, telefoni og anna
- **Bondebladet** er inkludert i medlemskontingenten
- **Rettleiing** av medlemmene på telefon – vi svarer på spørsmål om landbruksjuss, skatt, rekneskap og anna
- **Eigne medlemsfordelar for unge bønder under 35 år**

Medlemsorganisasjonen

Norges Bondelag har til formål å samle alle som er, eller kjenner seg knyttet til bondeyrket, fremme felles saker, trygge landbruket og ivareta bygdenes økonomiske, sosiale og kulturelle interesser.

Alle som støttar Norges Bondelags formålsparagraf, kan vere medlem. Ein blir då direkte medlem i Norges Bondelag. Det følgjer både rettar og plikter med medlemskapen.

Lokallaget er det faglege og sosiale fellesskapet i Bondelaget. Laget skal påverke landbruksforvaltninga i kommunen og har uttalerett i den lokale næringspolitikken. På årsmøtet i lokallaget har einskildmedlemmene høve til å påverke utviklinga gjennom å fremme egne saker og ved val av styre og utsendingar til fylkesårsmøtet.

Fylkeslaget er involvert i fylkeskommunal forvaltning og set landbrukspolitikk på dagsordenen i media. Kontakt med politikarar i fylket er derfor ei viktig oppgåve. Fylkeslaget jobbar med næringsutvikling, blant anna mot Innovasjon Norge i fylka. Fylkeslaget legg til rette for og følgjer opp lokallaga. Fylkesårsmøtet vel utsendingar til Norges Bondelags årsmøte. Det skal også vedta ein arbeidsplan for fylket.

Norges Bondelag har årsmøte, styre og representantskap som utformar organisasjonens politikk. Årsmøtet i Norges Bondelag er det høgaste styringsorganet og legg rammene for arbeidet i heile organisasjonen.

Bondelagets arbeid er retta mot statsforvaltninga, det private næringslivet, samvirkeorganisasjonane og einskildmedlemmene. Bondelaget set landbruket på dagsordenen i media og legg stor vekt på kontakt med stortingspolitikarar. Sentralt legg Bondelaget til rette for arbeidet i fylkeslaga.

Norges Bondelag hjelper medlemmene med rådgiving, informasjon og service. Medlemmene har frådragsrett for kontingenten til organisasjonen. Norges Bondelag deltek i høyringar, møte, forhandlingar og lobbyverksemd som gjeld landbruk.

61 500 medlemmer

580 lokallag

Lokallagsstyret

Lokallagsårsmøtet

18 fylkeslag

Fylkesstyret

Fylkesårsmøtet

Representantskap

Årsmøtet i Norges Bondelag

Styret i Norges Bondelag





Bondelagets servicekontor

Servicekontoret har om lag 60 tilsette i fylkeskontora og 60 tilsette sentralt. Det fungerer som sekretariat for medlemsorganisasjonen. Hovudkontoret ligg i Oslo og det er 17 fylkeskontor.

Fylkeskontoret er sekretariat for fylkeslaget og blir leidd av ein organisasjonssjef. Fylkeskontoret skal støtte opp om det politiske og medieretta arbeidet i fylkeslaget. I tillegg koordinerer det arbeidet i lokallaga og er bindeledd mellom sentralleddet og lokallaga.

Avdelingar ved hovudkontoret:

Organisasjonsavdelinga er kontaktleddet mellom medlemmene, lokal- og fylkeslaga og styringsorganet i Norges Bondelag. Avdelinga har blant anna ansvaret for produksjon av materiell, tilrettelegging av arbeidet i lokal- og fylkeslaga, aksjonsberedskap og interne møte i organisasjonen. Andre saker organisasjonsavdelinga jobbar med, er prinsippprogram, årsmelding, medlemsregister, forsikringsspørsmål, utdanning og kompetanse og HMS (helse, miljø og tryggleik) i landbruket.

Informasjonsavdelinga har ansvaret for kommunikasjonsarbeid overfor media, politikarar og opinionen. Avdelinga samordnar informasjonen som går ut frå Bondelaget, driv kontinuerleg medieovervaking, har ansvaret for Norges Bondelags internettsider og utarbeider informasjonsmateriell. Langsiktig haldningsskapande arbeid er også informasjonsavdelinga sitt ansvar.

Næringspolitisk avdeling arbeider med norsk landbrukspolitikk, jordbruksavtalen, internasjonale spørsmål og andre saker som gjeld økonomisk politikk, inntektspolitikk og distriktspolitikk. Vidare har avdelinga ansvar for å sikre medlemmene sine rettar og interesser i ulike naturforvaltningssaker. Dette gjeld arealforvaltning i utmark, fredings-

og vernesaker, vilt- og fiskeforvaltning, friluftsliv, reiseliv og miljø saker. Avdelinga arbeider også for å skape gode rammevilkår for landbruksbasert næringsutvikling.

Avdeling for rekneskap og juridisk service (RJS) utviklar og tilbyr serviceløysingar til 410 samarbeidande rekneskapskontor og 50 advokatkontor. Kompetansebygging gjennom informasjonsverksemd og kursaktivitet er sentrale oppgåver. Avdelinga tilbyr økonomisk og juridisk rettleiing til medlemmene og er i hovudsak finansiert av inntekter frå service- og kursverksemd for brukarane.

Administrasjonsavdelinga har ansvaret for økonomi, personale, IT, eigeidomsforvaltning og kontortekniske funksjonar.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte:

Norges Bondelag

Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo
Besøksadresse: Schweigaards gate 34C
Telefon: 22 05 45 00
bondelaget@bondelaget.no
www.bondelaget.no



Design og produksjon: www.kursiv.no 10/2008
Foto: Mats Olsen, Torbjørn Olsen, Odd Melhus,
Eva I Ambjørnrud, Siv Heia Uldal
Opplag: 3 000

Norges Bondelag

Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo

Telefon: 22 05 45 00

Besøksadresse: Schweigaards gate 34C

bondelaget@bondelaget.no

www.bondelaget.no

ISBN 978-82-7712-066-9